

---

**Fra:** Asta Brimi [mailto:[asta.brimi@fjuken.no](mailto:asta.brimi@fjuken.no)]  
**Sendt:** 13. januar 2014 11:57  
**Til:** Postmottak KUD  
**Emne:** Høyringsuttale

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)  
Skjåk 13. januar 2014

Høyringsuttale vedr. forslag til endringar i produksjonstilskotet for aviser med opplag 4000-6000.

Som redaktør i lokalavisa Fjuken som dekkjer kommunane Lom, Skjåk og Vågå, ynskjer eg å gje mitt syn på dette forslaget.

Produksjonstilskotet er eitt av verkemidla for å nå måla i mediepolitikken, og skal mellom anna medverke til eit mangfald av aviser over heile landet. Dette tilskotet meiner eg har vore særskilt vellukka. Norge har eit stort og eineståande mangfald av lokalaviser. Den enkelte lokalavis får ikkje store summer av det samla produksjonstilskotet, Fjuken får i dag vel 400.000 kroner, men støtta er avgjerande for at vi kan leve i små lokalsamfunn der annonsegrunnlaget er lite, og at vi skal ha ressursar til å oppfylle samfunnsoppdraget der vi bur. Lokalavisene er arenaen for lokalt demokrati, for dei lokale debattane og meningsytringane, og vi formidlar stort og smått av det som skjer kring oss. Lokalavisa er også den som set søkjeljos på kritikkverdige tilhøve i lokalsamfunnet.

Nå er medieverda i endring. Sjølv små lokalaviser må tilpasse seg ein ny kvardag med nettløysingar og digital formidling. Dette krev omstilling og ressursar både når det gjeld pengar og tilsette. Pengar det er vanskelegare å få inn no enn frå berre få år attende. Resultatrekneskapa rundt omkring i lokalavisene syner stor nedgang, sjølv om vi freistar å drive så kostnadseffektivt som råd.

Avisgruppa med opplag på 4000- 6000 har over tid hatt betre økonomi enn oss som er noko mindre. Slik er det ikkje lenger. Tal syner at denne gruppa også har nedgang i resultatet, og ut ifrå tal frå 2012 har over halvparten av desse underskot før produksjonstilskot. Kutt i produksjonstilskotet no, i ei tid med så store utfordringar, det vil resultere i kutt i stillingar, dermed dårlegare journalistikk og dårlegare produkt. Eit dårleg avisprodukt er det ikkje mange som vil ha.

Med venleg helsing  
Asta Brimi  
redaktør og dagleg leiar i lokalavisa Fjuken.